

## **Framandspråk bør framleis vere fellesfag på studieførebuande program i vgs – og heller styrkast enn svekkast**

### Vårt standpunkt:

Framandspråkseksjonen ved Sogndal vidaregåande skule meiner bestemt at framandspråk bør bli verande eit obligatorisk fellesfag i to eller tre år på studieførebuande utdanningsprogram. I tillegg kan ein vurdere å tilby framandspråk som (munnleg) valfag i ulike yrkesfaglege studieretningar, t.d. service og samferdsle og restaurant og matfag. I staden for å bli svekka bør opplæring i framandspråk bli styrka i grunnskulen. Det vil gi betre grunnlag for framandspråkopplæringa i vgs.

### Argumentasjon:

Vi ser det ikkje naudsynt å gjenta alle dei gode argumenta som andre skular allereie har kome med her. Vil sluttar oss særleg til argumentasjonen som er presentert (mellom anna) av desse skulane og nemner argumenta berre punktvis:

#### **Helene Florell, Hamar katedralskole, språkavdelingen. Viktig med obligatorisk fremmedspråk på studiespesialisering. 05.06.2019**

- Framandspråka sin verdi i og for arbeidslivet
- Framandspråka sin verdi for språk- og kulturforståing
- Humanistiske fag sin vesentlege plass i samfunnsutviklinga

#### **Fremmedspråkseksjonen ved Edvard Munch videregående skole. Argumenter for fremmedspråk som fortsatt fellesfag. 05.06.2019:**

- Framandspråka sin instrumentelle nytte i arbeids- og næringsliv
- Framandspråka sin funksjon når det gjeld å utvikle empati og kulturell forståing.
- Framandspråk som nyttig reiskapsfag for og bindeledd til andre skulefag.
- Utvikling av kognitive prosessar i hjernen gjennom framandspråklæring
- Framandspråk som del av allmenndanninga som ein treng for å vere førebudd til høgare studium.
- Vi vil også minne om Europarådet si tilråding om å undervise minst 2 framandspråk frå tidleg alder. (European Commission: Proposal for a Council recommendation on a comprehensive approach to the teaching and learning of foreign languages, 2018, gjengitt 4.6.2019)

#### **Eikeli videregående skole, fremmedspråklærerne. Innspill fremmedspråk. 10.06.2019**

- Framandspråk som tradisjonell del av allmenndanninga i vidaregåande skule på studieførebuande programområde (tidlegare allmenne fag og gymnas)

- Framandspråk som obligatorisk fag i alle andre europeiske land [for å oppnå generell studiekompetanse]
- Behovet for kunnskap i framandspråk innanfor mange greiner av norsk næringsliv
- Overføringsverdien: læring av eit framandspråk lettar læring av neste framandspråk.

I tillegg til argumenta vist til i desse (og mange andre) innspel til vi trekke fram desse argumenta:

- Framandspråkopplæring styrkjer forståing av språk som system, noko som vil bidra til å auke elevane si evne til å uttrykkje seg uavhengig av språk – og som er nyttig for norskfaget og engelskfaget.
- Å lære seg eit nytt framandspråk vil gjere elevane betre studieførebuende fordi
  - det gir dei eit breiare kulturelt perspektiv
  - det gir ei større breidde av fag og studiestadar å velje mellom
  - det utviklar det språklege medvitet
  - det utviklar evna til konsentrasjon og fordjuping og til å arbeide med eit emne over lengre tid
  - det utviklar evna til å kunne samanlikne med alt etablert kunnskap og overføre denne til nye område og høgare steg.
- Ved å undervise i framandspråk motverkar ein tendensen til at engelsk etablerer seg som einaste «gyldige» studiespråk og internasjonale kommunikasjonsspråk.
- Ikkje minst opnar framandspråk for å kunne studere i dei aktuelle målspråkområda.

I motsetnad til einskilde andre innspel meiner vi ikkje at framandspråk på studieførebuende programområde bør bli eit reint munnleg fag. Som eventuelt valfag på yrkesfaglege programområde ville det derimot vere meiningsfullt å avgrense faget til dette.

Avslutningsvis ynskjer vi å framheve at om noko, så treng elevane *meir* undervisning i framandspråk – (og om språk som system) – ikkje *mindre*! Det at mange elevar på studieførebuende programområde opplever framandspråk som eit krevjande fag, og at nokre er lite motiverte for desse faga, må for all del ikkje føre til at ein kuttar ut (eller ned på) framandspråk. (Om ein skulle følgje ein slik argumentasjon, burde vel andre fag med same omdømme - slik som matematikk og naturfag - også gjerast om til valfag?!?) Derimot bør ein styrke framandspråkundervisninga og gjere den meir motiverande, interessant og spanande for elevane, t.d. ved å finansiere studieturar til målspråkområda og utvide moglegheitene for utveksling gjennom Erasmus+-programmet.

Anna Majewski

for Framandspråkseksjonen ved Sogndal vidaregåande skule